



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	08.10.2019	123600/2019	Kristoffer Dahle, 71 28 03 29	16.10.2019

Kryssing Romsdalsfjorden, utredning alternative kryssinger – førehandsfråsegn og varsel om motsegn

Vi viser til dykkar epost datert 02.10.2019, der de ber om ei førehandsfråsegn i samband med dykkar vurdering av alternativ kryssing av Romsdalsfjorden og eventuelle kostnader knytt til dette.

Det er vist til to konkrete forslag som inneber kryssing med flytebru:

- 1) Veg/brutårn over øya Tautra
- 2) Veg over Veøya og høgt seilingsløp i Sekkensundet

Veg/brutårn over øya Tautra

Tautra er ei øy med svært mange gravminner, som i hovudsak er vendt mot sørsida av øya, men det finnes også bautasteiner, depotfunn og andre kulturminner av høy verdi – både frå steinalder, bronsealder og jernalder – og det er sannsynleg at øya kan ha vore ein viktig kultuplass i forhistorisk tid.

Konsentrasjonen av fornminner over store deler av øya har bidrege til at vi vurderer øya som eit kulturmiljø av nasjonal verdi, jamfør Regional delplan for kulturminner, og på 1990-talet blei Tautra registrert som eit verdifullt kulturlandskap. Her er lynchelandskapet av stor verdi. I Interkommunal plan for Sjøareala i Romsdalsfjorden blei det lagt ei omsynssone omkring heile øya.

Det ligg ikkje føre noko skisser som viser den faktiske traséen over Tautra, men ut frå dei opplysningane vi har om planane på noverande tidspunkt vil vi varsle at det kan bli aktuelt å fremme motsegn dersom det vert aktuelt å legge opp til ny veg/brutårn over Tautra.

Veg over Veøya og høgt seilingsløp i Sekkensundet

Veøya ligg strategisk plassert i Romsdalsfjorden, og har vore eit knytestpunkt i Romsdalsregionen frå slutten av forhistorisk tid og fram til kyrkjestaden og prestegarden blei nedlagt på starten av førre hundreår. Øya er nemnt som ein kjøpstad i fleire skriftlege kjelder frå høg- og seinmellomalderen, og har ei lang rekkje verdifulle kulturminner frå denne perioden. Veøy kyrkjestad er truleg ein av dei eldste kyrkjestadene i Noreg, med spor etter kyrkjer og kyrkjegardar frå heilt tilbake til 900-talet (ID 107967), og det vaks også fram ein kjøpstad på øya i mellomalderen (ID 43137).

Veøya er i Regional delplan for kulturminner trekt fram som eit kulturmiljø av nasjonal verdi, og Møre og Romsdal fylkeskommune har i si tidlegare handsaming forvalta øya som eit heilskapleg kulturmiljø. I Interkommunal plan for Sjøareala i Romsdalsfjorden blei det lagt ei omsynssone omkring heile øya, og vi hadde motsegn til akvakulturanlegg som verka visuelt skjemmande. Vi har også nyleg varsla klage på ein søknad om eit nytt akvakulturanlegg ved Sørøya av same grunn. I arbeidet med ny kommuneplan for Molde er det bedt om at heile Veøya blir lagt inn som eit verneområde, på lik linje med sjøareala.

Den føreslåtte vegen over Veøya er planlagt å gå på Sørøya. Dette ligg på motsett side av kjøpstaden og kyrkjestaden, men i direkte konflikt med gravminner (ID 33599 og 33600) og mulegvis også dyrkingsspor og kolframstillingsanlegg på Kirkegårdene på Sørøya (ID 52900 og 52901). Dette er lokaliteter som har ein klar samanheng med kjøpstaden og kyrkjestaden, og som bidrar til å kaste lys over overgangen frå heidendom til kristendom og som utgjer ein viktig del av takmarka til den tidlege kjøpstaden.

Bruanlegget vil vidare verke utilbørleg skjemmande for kjøpstaden og kyrkjestaden, og for fleire andre kulturminner. Med ei seglingshøgde på 75 meter vil midtpunktet på brua verte høgare enn høgste punktet på øya, og bruanlegget vil ha stor visuell negativ innverknad. Hangholmen er dessutan ein holme med registrerte automatisk freda kulturminner (ID 4083), og som det er knytt segn og tradisjonar til. Det er også utfordringar knytt til den auka skipstrafikken forbi øya, og korleis dette vil verke inn på kulturmiljøet.

Ut frå dei tilsendte skissene synes det også å vere konflikt med fleire gravminner både på Sølsnes, Sekken og på Skålhamna, og eventuelle brutårn på Sølsnesholmane vil også kunne verke skjemmande.

I samband med det pågåande KULA-prosjektet (Kartlegging av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) er også Romsdalsfjordbassenget, med Veøya som eit viktig element, foreslått som eitt av 10 landskapsområder i Møre og Romsdal. Dette er eit større område ikkje berre består av Veøya og naboholmane, men også av delar av Sekken, Bolsøya og Nesjelandet. Vegaksen vil verke sterkt forringande på dette kulturhistoriske landskapet.

Veøya er eitt av seks nøkkelpunkt langs Kystpilegrimsleia i Møre og Romsdal, og fylkeskommunen arbeider aktivt med å formidle øyas historie. Det er per i dag tilrettelagt ein pilegrimssti rundt heile øya. Veøya utgjer også viktig destinasjon mål for sjøbasert friluftsliv, småbåt eller kajakk. Ein av dei viktigaste kvalitetane, både som kulturmiljø, pilgrimsmål og friluftsområde, ligg nettopp i at dette er ei øy som ein må ha båt for å kome til. Isolasjonen frå biltilkomst er ein svært vesentleg del av opplevinga, og den urørte naturen og mangelen på nyare inngrep på øya bidreg til å styrke verdiane, både i høve til kulturarv og friluftsliv. Opplevinga og formidlinga av Veøy som eit heilskapeleg kulturmiljø, og auraen knytt til «den heilage øya» vil verte svært forringa dersom ny E39 vert lagt over øya.

Det blei i 2018 søkt Miljødirektoratet om statleg sikring og tilrettelegging av Veøya som friluftsområde, men søknaden blei då trekt som følgje av at det var behov for betre utgreiing.

Vi har også sendt denne saka vidare til Riksantikvaren, ut frå deira rolle som fagstyresmakt for den mellomalderke kyrkjestaden på Veøya (107967). Dei skriv følgande:

Kyrkjene i mellomalderen var ofte plassert på sentrale og framståande stader i landskapet og bevisst forma som landemerke. Kyrkja var ofte eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og plassert på stader med lang tradisjon for busetnad, eller religiøse og sosiale aktivitetar. Det er difor vanleg å finne mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsperiodar i dei næraste omgjevnadene til kyrkjene frå mellomalderen. Kyrkja og enkeltelementa i omgjevnadane

har stor verdi kvar for seg som kulturminne, og samla som kulturmiljø. Dette legg føringar for kva som kan akseptertast av utbygging eller endringar i området.

Vi vurderer eit planframlegg som inneber at nye E39 blir lagt over Veøya som utilbørleg skjemmaende og svært konfliktfylt med tanke på Veøy gamle kyrkjestad. Mellomalderkyrkjестaden er svært godt bevart og ligg i eit av Møre og Romsdal sine mest verdifulle kulturmiljø. Eit veganlegg av denne typen over Veøya, som i dag ligg midt i fjorden utan vegforbindelse, vil vesentleg forringe opplevinga av kyrkjестaden i det fjordlandskapet han ligg i. Planlegging av ny E39, Møreaksen er foreløpig i en tidleg fase, og vi anbefaler tiltakshavar å sjå på andre løysningar som ikkje inneber at ny E39 leggst over Veøya. Ut i frå dei opplysningane Riksantikvaren har om planane på noverande tidspunkt, varslar vi at det kan bli aktuelt å fremme motsegn mot ny E39 dersom tiltakshavar legg fram eit planframlegg som legg opp til at ny veg blir lagt over Veøya.

Sjå fråsegna i sin heilskap i vedlagt dokument.

Vi gjer merksam på at Riksantikvaren si fråsegn er knytt til rolla som fagstyremakt for *mellomalderke kyrkjestadar*, og ikkje som eit overordna direktorat og ut frå eit heilskapleg kulturminnevernomsyn. Frå 1.1.2020 vil også store delar av mynda og ansvarsoppgåvene innanfor kulturminneområdet bli overført frå Riksantikvaren til dei nye regionane.

Vi vil ut frå det førelagte materialet tydeleg signalisere at vi vil ha motsegn til eit planforslag som inneber veg over Veøya og høgt seglingsløp i Sekkensundet. Eit alternativ som inneber tunnel under øya, slik det blei foreslått i samband med Langfjordstunnelen, vil ikkje ha ein slik negativ verknad. Vi vil sterkt oppmode til at dette vert utgreia som ein del av dykkar vurdering.

Samandrag

Møre og Romsdal fylkeskommune er ut frå omsynet til automatisk freda kulturminner og kulturmiljø svært kritiske til dei alternative forslaga slik dei ligg føre. Dette gjeld særleg forslaget som inneber veg over Veøya som er eitt av dei mest verdifulle kulturmiljøa i fylket, der både vi og Riksantikvaren som fagstyresmakt har varsla motsegn. Det kan også verte aktuelt å gå til motsegn på ein eventuell veg over Tautra.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator